

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Sigdestad kraftverk i Bremanger kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 07.05.2015 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har lasta ned frå NVE sine nettsider.

### Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.294. Sigdestad kraftverk ligg i Keipen Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://keipen.turistforeningen.no/>

### Om friluftsliv i området:

Nedslagsfeltet til Storelva vil vi karakterisere som svært viktig for friluftslivet i Bremanger kommune, slik det også til dels går fram av omtalen av Brukarinteressene (punkt 3.14) i konsesjonssøknaden. I tillegg til områda i Myklebustdalen, som er omtala i konsesjonssøknaden, vil vi også nemne fjellområda nord for dalen, med mellom anna Sætrødalvatnet.

Utbyggingsområdet for Sigdestad kraftverk ligg så langt nede i vassdraget at bruksomfanget, og dermed konfliktnivået med friluftslivet, er mykje mindre der enn høgare oppe i vassdraget. I utbyggingsområdet er - etter det vi kjenner til - dei fleste brukarane folk som bur i nærområdet, inklusive grunneigarane for utbygginga.

Det går ein tursti frå busetnaden nær den planlagde kraftstasjonen, oppover om lag langs røyrgate-traseen og vidare vestover forbi inntaket i retning Myklebustsetra. Denne turstien er svakt raudstipla på kartet i Vedlegg 3 i konsesjonssøknaden, men er lettare å sjå på til dømes NVE-Atlas. Minst halvdel av røyrgatetraseen er i direkte konflikt med denne turstien. Sjølv om stien hovudsakleg har lokal bruk, meiner vi det er viktig at den vert sett i stand etter ei eventuell utbygging, slik at den kan brukast slik som før.

### Kommentarar til utbyggingsplanane:

**2.1 Hovuddata:** Ei slukevne på mellom maksimum 189% og minimum 5% er ei nokså normal vassutnytting. Når det gjeld tala for 5-persentil sommar, 5-persentil vinter og Alminneleg lågvassføring, ber vi NVE sjå nærare på desse, sjå grunngjeving seinare i fråsegna.

NB! I punkt 2.1 står det at inntaket skal vere på kote 152. I Figur 4 og på kartet i Vedlegg 4 står det at inntaket skal vere på kote 160. Differansen på 8 m er så pass stor at den er vesentleg. Vi ber NVE avklare med utbyggaren kva som er det korrekte. (Ut frå karta, verkar kote 152 mest sannsynleg.)

**2.2.4 Inntak:** Vi har ikkje spesielle merknader til det som står i konsesjonssøknaden.



**2.2.5 Vassveg:** Vi har ingen store merknader. Det er positivt at vegen langs røyrkata berre blir midlertidig, og at den skal fjernast i samband med avslutninga av anleggsarbeidet. Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv først i fråsegna, og ber om at den delen av turstien som vert påverka av anleggsarbeidet for røyrkata, vert sett i stand slik at den kan brukast som i dag.

**2.2.6 Kraftstasjonen:** Vi har no ingen kommentarar til det som står om kraftstasjonen. Den detaljerte plasseringa, sett i samanheng med vandringshinderet for anadrom fisk, reknar vi med vert vurdert i samband med NVE si sluttsynfaring.

Det er gledeleg (og heilt nødvendig) at det skal installerast omløpsventil i kraftstasjonen og at det skal leggast vekt på god støydemping og på å unngå gassovermetting i utløpsvatnet.

**2.2.8 Vegbygging:** Vi har ingen spesielle merknader.

**2.2.10 Nettilknytning:** Uansett nøyaktig kvar straumen frå kraftverket vert knytt til nettet, er det ønskjeleg at det vert nytta nedgraven kabel fram til tilknytingspunktet.

### **Kommentarar til verknadane av utbygginga:**

NB! Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

**3.1 Hydrologi:** vi siterer følgjande frå konsesjonssøknaden: «*Storelva-vassdraget har et nedbørsfelt på 53,5 km<sup>2</sup>. Feltet har sitt tilløp i høgfjellet (1200 m.o.h.) og renner vidare ned i en flat bred dal bestående av flere store vatn og store områder med myr. I sum virker det svært utjevnende på vannføringen og det fortelles fra folk på stedet som har bodd her hele sitt liv at elva er jevnt stor, så å si hele året.*»

**Kommentar:** Det som står i dette sitatet, og som er heilt korrekt etter den kunnskapen vi har om området, stemmer etter vår vurdering dårleg med dei låge 5-persentilane for sommar og vinter som er oppgitt i konsesjonssøknaden. Vi reknar det som sannsynleg at dei reelle 5-persentilane er ein heil del høgare enn 320 / 142 l/s. Når det er sagt, så må vi også presisere at dette er ei reint skjønsmessig vurdering frå vår side. Vi har ikkje gode nok kunnskapar om hydrologi til å kome med «bastante påstandar». Etersom 5-persentilane er viktige for fastsetting av minstevassføringane, og det er viktig biologisk mangfald som er avhengig av ei god nok minstevassføring, **oppmodar vi NVE sterkt om å bruke sin store fagkunnskap til å vurdere grundig dei tala for 5-persentilar som det vert operert med i konsesjonssøknaden!** Uansett kva resultatet blir av desse vurderingane, meiner vi at **minstevassføringane bør aukast** for å ivareta mellom anna ulike sider av biologisk mangfald.

**3.5 Raudlistearter og 3.6 Terristrisk miljø:** Vi har ikkje vurdert dette i nemneverdig grad, og reknar med at NVE og andre høyringsinstansar gjer det. Men vi konstaterer at det er ein del verdiar og konflikhtar på utbyggingsstrekninga. Når det gjeld raudlistearter, nemner vi at det er gjort funn av Vasshalemose i fleire av naboelvane til Storelva. Vi nemner Åskorelva og Bortneelva. Dette kan vel bety at det er potensiale for slike funn i Storelva også?

**3.7 Akvatisk miljø:** Kommentar når det gjeld ål: Storelva har ei lita sideelv kalla Ålusa. (Sjå sist i punkt 3.13.) Den renn ned på Myklebust. Ålen kan gå opp i svært små elvar, det veit vi ut frå eigne observasjonar for mange år sidan, då ålen var mykje meir talrik enn i dag. Om ålen går opp i Ålusa, veit vi ikkje, men i så fall kan den ha tilgang til ein meir høgtliggande del av Storelva.

**3.20 Samla belastning:** I Bremanger kommune er det alt i dag omfattande utbygging av både store og små kraftverk, og det er gitt konsesjon til enda meir, både av vasskraftverk og vindkraftverk. Totalomfanget, inklusive kraftlinjer, er altfor stort, etter vårt syn. Av vasskraftutbyggingane er likevel ikkje Sigdestad kraftverk den mest konfliktfylte, andre er mykje verre.



### **Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:**

Konfliktane med friluftslivet er ikkje store nok til at Sogn og Fjordane Turlag vil gå mot denne utbygginga. For friluftslivet er til dømes Sætedalen kraftverk, som alt har fått konsesjon, mykje verre. Vi er svært urolege for totalomfanget av alle dei ulike utbyggingane i Bremanger kommune, men i den samanhengen er det det svært konfliktfylte Guleslettene vindkraftverk som burde fått nei, ikkje det isolert sett nokså lite konfliktfylte Sigdestad kraftverk.

NB! I vår vurdering av om Sigdestad kraftverk bør få konsesjon eller ikkje, har vi lagt hovudvekta på konfliktane med friluftslivet, og ikkje på konfliktane med biologisk mangfald. Dei konfliktane reknar vi med at NVE legg større vekt på i si totalvurdering. I den samanhengen ber vi også NVE om sterkt å vurdere auke av minstevassføringane.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)